Høgskulen på Vestlandet

Høgskulen på Vestlandet vert etablert med deling som drivkraft, ideal og metode. Kunnskap veks når den blir delt. Det vi gjer, skal støtte opp om vekst for ei berekraftig utvikling av samfunns-, arbeids- og næringslivet og for einskildmenneske.

Funksjons- og bemanningsplan for forsking, innovasjon og internasjonalisering – del 1: Funksjonsplan

Prosjekt P3 Administrativ organisering

Delprosjekt P3.3 Administrativ organisasjonsstruktur

Del 1 Funksjonsplan

Avdeling for forsking, innovasjon og internasjonalisering omfattar felles administrasjon og forvaltning knytt til høgskulen sin forskings- og innovasjonsaktivitet samt internasjonaliseringsaktivitet.
Avdelinga skal utviklast vidare og støtte opp under den faglege profilen og universitetsambisjonen til HVL.

1. Målbilde og utfordringsbilde for internasjonalisering

Internasjonalisering er eit mål for kvalitet i forsking og utdanning og HVL må levere i høve til nasjonale måltal jfr. Stortingsmelding 16 (2016-2017): Kultur for kvalitet i høgare utdanning (Kvalitetsmeldinga) og Meld. St. 7 (2014–2015): Langtidsplan for forskning og høyere utdanning 2015–2024. HVL har ambisjon om å verte universitet innan 2023 (Styresak 56/17) og internasjonalisering er eit krav for akkreditering. Skal vi klare å realisere universitetsambisjonen må internasjonalisering av utdanning og forsking ha særskild strategisk merksemd og HVL må ha eit administrativt støtteapparat som har internasjonaliseringskompetanse og kan levere tenester til studentar, fagmiljø og leiing.

I samband med dette vil me peike på følgande utfordringar for HVL i høve til internasjonalt forskings- og utdanningssamarbeid.

- Studentutveksling
- Internasjonalt læringsmiljø
- Deltaking i internasjonale forskings- og utdanningssamarbeid
- Deltaking i Erasmus+ og Horisont2020
- Kopling mellom utdanning og forsking
- Digitalisering
- Effektivisering og samarbeid på tvers av campus

1.1. Studentutveksling

HVL leverar ikkje i samsvar med måltal for studentmobilitet. I Tilstandsrapporten for høgare utdanning (2016) er andelen studentmobilitet ved HVL under 10 %, medan den nasjonale målsettinga er 20 %. Særskilt masterutdanningane ved HVL utmerkar seg med særs låg eller fråverande mobilitet. HVL må innfri krav som er gitt i studietilsynsforskrifta gjeldande internasjonalisering på alle gradsnivå. Våre studieprogram må ha reelle moglegheiter for studentutveksling med fagleg relevans, internasjonaliseringstiltak skal vere integrert i studieprogramma og det skal dokumenterast ordningar for internasjonalisering som er tilpassa utdanninga sitt nivå, eigenart og omfang. Det er krav til at fagmiljøa skal delta aktivt i internasjonale forskings- og utdanningssamarbeid og nettverk som er relevant for studietilbodet. Desse krava er ikkje tilstrekkeleg innfridd for eksisterande utdanningar ved HVL. Dei tidlegare høgskulane brukar totalt ca. 4,5 årsverk på administrering av studentmobilitet via ei fellesteneste. I tillegg har fakulteta sett av ulik grad av ressursar til faglege kontaktpersonar/ koordinatorar som har eit særskilt ansvar for internasjonalisering, inkludert studentmobilitet. Det er internasjonalt kontor som rettleiar studentane i høve til sjølve søknadsprosessen og dei faglege kontaktpersonane/ koordinatorane som rettleiar i høve til det fagleg innhaldet i utvekslinga og som gir ei fagleg førehandsgodkjenning.

1.2. Internasjonalt læringsmiljø

I kvalitetsmeldinga er det vektlagt at alle læringsmiljø ved høgare utdanningsinstitusjonar skal omfatte internasjonale studentar. Ein stor del av HVL-studentane vel ikkje utveksling og det er særskilt viktig å

sikre desse og ein internasjonal erfaring i utdanninga. Ved HVL er 4,9% av den totale studentmassen internasjonale studentar og andelen framandspråklige utdanningstilbod ligg på under 10% (Tilstandsrapporten for 2016). Dei internasjonale studentane er hovudsakleg utvekslingsstudentar og det er få internasjonale studentar som tek heile graden sin hjå oss. Fleire av dei internasjonale emna er ikkje integrert i ordinære studieprogram ved HVL og i dei høva vert verken dei internasjonale studentane eller HVL-studentar sin moglegheit for felles læringsmiljø ivareteke.

1.3. Deltaking i internasjonale forskings- og utdanningsprosjekt

HVL si deltaking i internasjonale forskings- og utdanningsprosjekt samsvarar ikkje med HVL sin posisjon og størrelse i nasjonal høgare utdanning. Verkemidla som er tilgjengeleg nasjonalt vert i for liten grad nytta. I høve til SIU-programma har me for få prosjekt under t.d. Nord-Amerika-programmet og NORPART-programmet. Det er generelt få fagmiljø som har søkt om og lukkast i å få tildelt midlar frå SIU og NFR. For å auke deltakinga i internasjonale forskings- og utdanningsprosjekt må det administrative støtteapparatet ha kompetanse om dei ulike programma og kapasitet til å informere og mobilisere fagmiljø og vitskapleg tilsette og å yte støtte til utvikling av søknadar. I tillegg må forskingsgehalten vere tyngre t.d. innehalde utveksling på høgare grad og tilsettutveksling i forskingssamanheng. Dette kan avhjelpast med å styrke både det administrative støtteapparatet og den forskingsfaglege innsatsen ved å prioritere ressursar til slikt arbeid.

1.4. Deltaking i Erasmus+ og H2020

KD forventar at HVL deltek meir aktivt i Erasmus+ og Horisont 2020. P.t. inndreg HVL ein svært liten del av utlyste midlar innanfor desse programma. Auka deltaking i mobilitetsdelen av Erasmus-programmet er også ei nasjonal målsetting, men i følgje Tilstandsrapporten for 2016 valde over 70 % av utreisande HVL-studentar studiestad utanfor Europa i 2016. Det må prioriterast ressursar både i fagmiljøa og i det administrative støtteapparatet til å opprette Erasmus-avtalar som studentane vil nytta.

1.5. Kopling mellom forsking og utdanning

For å auke andelen mobilitetar og deltaking i eksternfinansierte prosjekt må me få til ei sterkare kopling mellom forsking og utdanning. Det er t.d. lite samsvar mellom kor me har forskingssamarbeid og kor me har utvekslingssamarbeid. SIU, UHR og Forskingsrådet har spela inn sterkare kopling mellom utdanning og forsking i sine program, og ein kan rekne med at dette også vil verte vektlagt sterkare i vidareføringa av dei nye utdannings- og forskingsprogram som kjem etter Erasmus+ og Horisont 2020. Kopling mellom forsking og utdanning må skje i fagmiljøa og forskarane og forskingsgruppene må aktivt takast med og stimulerast til slikt arbeid gjennom tilgjengelege ressursar. Forskingsadministrasjonen og internasjonaliseringsadministrasjonen må vera tett på forskarane og fagmiljøa og delta aktivt i arbeidet med å forsterke internasjonalisering i forsking og utdanning ved HVL.

1.6. Digitalisering

I prosjekt P.3.2. Felles praksis er det identifisert fleire områder kor digitalisering kan frigjere ressursar og betre kvalitet og/eller brukaropplevinga til både studentar og vitskapleg tilsette i høve til internasjonalisering. Det å ta i bruk digitale løysingar kan også bidra til at me får felles løysingar på tvers av studiestad og at oppgåvene kan utføras uavhengig av studiestad noko som igjen gir en meir robust organisasjon.

1.7. Effektivisering og samarbeid på tvers av studiestadar

Internasjonalisering er eksempel på eit administrativt område som er tynt bemanna og kor det vil være viktig å bygge eit robust administrativt støtteapparat som legg til rette for ei samla oppbygging og utvikling av tenester, kvalitet og kompetanse. Dette er bakgrunnen for at ein har vald å legge

hovudtyngda av internasjonaliseringsadministrasjonen i ei fellesteneste med ansvar for å levere støttetenester til heile HVL (Beslutningsnotat for Administrativ organisering ved HVL). Hittil har, med nokre unntak, dei knappe administrative ressursane gjort at det har vore naudsynt å fokusere på driftsoppgåver knytt til student- og tilsettmobilitet og det har vore lite kapasitet til å bygge kompetanse innan andre områder som t.d. eksterne finansieringsmekanismar og søknad om eksterne midlar. For å nå målsettinga om å bli universitet må slik kompetanse vere tilgjengeleg for alle fagmiljø/ vitskapleg tilsette ved HVL. Dette kan ein delvis gjere ved å dele administrativ kompetanse og samarbeide på tvers av studiestadane men ein må også sørge for at kapasiteten står i høve til behovet og ambisjonane. Samarbeid på tvers av studiestadane kan også gjere det mogeleg å sentralisere oppgåver (les: legge til éin studiestad) som t.d. opptak av utvekslingsstudentar i FS og sakshandsaming av tilsettmobilitet. Gjennom å effektivisere arbeidet på denne måten frigjer ein ressursar samstundes som ein sikrar felles praksis på tvers av HVL.

1.8. Kompetanse og kapasitet

Internasjonaliseringsarbeid krev administrativ kompetanse og kapasitet innan sentrale områder som student- og tilsettmobilitet, eksterne finansieringsmekanismar, internasjonalisering heime (I@H[1]), internasjonale avtalar og nettverk inkludert jus og utgreiings- og analyseverksemd. Pr. i dag er det 9.7 administrative årsverk (8,7 faste og 1 midlertidig) i fellestenesta til internasjonaliseringsarbeid. Ressursane er fordelt slik: Bergen: 4.9 faste årsverk (inkl. kontorsjef) + 1 midlertidig årsverk, Førde: 0 årsverk, Haugesund: 2 faste årsverk (inkl. leiar), Sogndal 1.3 faste årsverk (inkl. koordinering), Stord: 0.5 faste årsverk. I Sogndal og Stord er det p.t. delte stillingar med andre arbeidsoppgåver som ikkje er knytt til internasjonalisering og det er ynskjeleg at ein for framtida set av heile årsverk knytt til internasjonalisering. Det er også ynskjeleg at det for framtida er administrative internasjonaliseringsressursar til stades på alle studiestadane.

I tillegg har HVL studentassistentar knytt til arbeidet med å koordinere fadderordninga for internasjonale innvekslingsstudentar og mottak av desse. Bergen har 1 student tilsett i 25% stilling, Stord/ Haugesund har 2 student tilsett i ca. 10 % stilling kvar, Førde har 1 student tilsett i 5% stilling og Sogndal har 3 studentar i kortvarig engasjement knytt til sjølve mottaket av internasjonale studentar.

Det faglege internasjonaliseringsarbeidet har vore ulikt organisert ved dei tre tidlegare høgskulane. I Bergen har kvart institutt/ seksjon sett av ein definert ressurs til ein eller fleire faglege kontaktpersonar som har eit særskilt ansvar for internasjonalisering i sine studieprogram. Sentrale arbeidsoppgåver har vore fagleg førehandsgodkjenning av utvekslingsopphald og studentrettleiing. Ein oversikt frå 2007 (HiB Styresak 112/07) syner at det blei sett av ca. 2,5 vitskaplege årsverk til faglege kontaktpersonar, eit tal som truleg har auka noko sidan då.

I Sogndal/ Førde er det ein internasjonal koordinator i ca. 25% stilling ved kvar av dei fire avdelingane. Desse koordinatorane (2 vitskaplege - AHF og AIN, og 2 administrative – ALI og ASF) har primært ansvar for studentrettleiing knytt til fagleg førehandsgodkjenning, medan varierande oppgåver vert gjort i samarbeid med fellestenesta som del av det internasjonale koordinatorteamet i Sogndal/Førde. I Stord/ Haugesund er det internasjonal koordinator i variert stillingsprosent ved avdelingane (frå 6%-30%). Desse koordinatorane (1 ALK, 2 AHF, 3 ATØM – vitskaplege) har primært ansvar for

[1] Internasjonalisering hjemme berører alt fra faglig læreplan, til samspillet mellom lokale studenter og internasjonale studenter og fakultet, til dyrking av internasjonalt fokuserte forskningsemner, til nyskapende bruk for digital teknologi. Viktigst av alt, fokuserer det på alle studenter som høster fordelene ved internasjonal høyere utdanning, ikke bare de som er mobile (EAIE Expert Community on I@H).

studentrettleiing knytt til fagleg førehandsgodkjenning, medan varierande oppgåver vert gjort i samarbeid med Internasjonalt kontor.

Tabell 1: Årsverk knytt til internasjonalisering (basert på talmateriale frå kartleggingsundersøkning blant teknisk/administrativt tilsette)

	Fellestenesta	**Fakultetsadministrasjon**
Bergen	6,1 årsverk	
Sogndal/ Førde	1,4 årsverk	0,4 årsverk
Stord/ Haugesund	3,7 årsverk	
Totalt	**11,2 årsverk**	**0,4 årsverk**

For framtida må HVL utvikle kompetanse og utvide kapasiteten særskilt på følgande områder:

- *Studentutveksling:* For å kunne auke delen utvekslingsstudentar til 20% må me utvikle mobilitetsvindauge som er tilpassa fagas eigenart og fakultetsadministrasjonen må gje fagspesifikk rettleiing til studentar. Fellestenesta må sikre god og effektiv søknadshandsaming inkludert generell rettleiing.
- *Eksternfinansierte prosjekt:* For at HVL skal innhente meir midlar må fleire fagmiljø får støtte til utvikling av søknadar. Verkemiddelapparatet vert stadig utvida med fleire program og fellestenesta må ha oppdatert kompetanse og kapasitet på desse.
- *Deltaking i Horisont 2020*[2]*/Erasmus+:* Dersom HVL skal delta meir aktivt i KA2-prosjekt[3] må fleire fagmiljø får støtte til utvikling av søknadar. For at fleire studentar skal velje utveksling med Erasmus+ (KA1) må det leggast til rette for dette i studieplanane og fagmiljøa må kjenne og anbefale sine Erasmus-partnarar for utveksling. Fellestenesta må gje god informasjon om Erasmus+ stipendordningar og sikre enkle rutinar for utbetaling.
- *Internasjonale studentar:* HVL må tilby fleire framandspråklege utdanningstilbod og rekruttere fleire internasjonale studentar. Dette krev målretta arbeid både i fagmiljøa for å utvikle tilbod (emne og hele program) og målretta marknadsførings- og rekrutteringstiltak. Fellestenesta må ha gode rutinar for publisering av tilbod, opptak og mottak av studentar. HVL må vidareutvikle kompetanse på internasjonale fellesgrader.
- *Internasjonalisering heime (I@H):* Alle studieprogramma skal ha ordningar for internasjonalisering som er tilpassa studietilbodets nivå, omfang og eigenart (Studietilsynsforskrifta). Dette krev at internasjonalisering blir tatt inn i fagplanarbeidet og i planlegging av undervisning. Det må leggast til rette for inn- og utmobilitet for studentar og undervisararar og for digital internasjonalisering. Fellestenesta må støtte fagmiljøa i utvikling av strategiar og handlingsplanar for internasjonalisering slik at dei møter nasjonale krav.
- *Avtalar og nettverk:* Fellestenesta må ha kompetanse på inngåing av internasjonale avtalar og kontraktar inkl. juridisk kompetanse. Den må også ha kapasitet til å følgje opp medlemsskap i ulike nettverk og sørge for at moglegheitene som kjem med desse er kjend i heile organisasjonen.
- *Tilsettmobilitet:* Tilsettmobilitet er eit middel for internasjonalisering og fellestenesta må sikre at HVL får og nyttar stipendordningar som finnest og ha gode rutinar for tildeling av stipend.

[2] For Horisont 2020 sjå funksjonsplan for forskningsadministrasjonen.

[3] KA2 er samarbeidsdelen av Erasmus+ og inkluderer strategiske partnarskap, kunnskapsalliansar og kapasitetsbyggingsprosjekt. KA1 er mobilitetsdelen av Erasmus+ og inkluderer student- og tilsettmobilitet i og utanfor Europa.

- *Kopling mellom utdanning og forsking:* Forskingssamarbeid må i større grad danne grunnlag for internasjonalisering. Vi må legge til rette for samarbeid mellom forskarane, forskingsadministrasjonen og internasjonaliseringsadministrasjonen for å få til synergiar både innan studentmobilitet og eksternfinansierte prosjekt.
- *Utgreiing og analyse:* Fellestenesta må yte strategisk støtte til leiinga og fakulteta i høve til beslutningsprosessar, strategiarbeid og handlingsplanar. Dette blir særskilt viktig i ein oppbyggingsfase.

2. Organisering og leiing

Figur 2: Organisering og leiing for Avdeling for forsking, innovasjon og internasjonalisering



Avdeling for forsking, innovasjon og internasjonalisering må vere ei strategisk og operativt eining med ekspertise på forskingsadministrasjon og internasjonalisering av høgare utdanning. Avdelinga må ha kompetanse og kapasitet til å yte tenester innan desse områda. Avdelinga leias av avdelings-leiar, som har heilskapleg fag- og budsjettansvar for avdelinga. Avdelingsleiar rapporterer til prorektor for forsking. Nestleiar skal ha delegert fagansvar for internasjonalisering, inkludert personal- og budsjettansvar for dette området. Nestleiar rapporterer til avdelingsleiar. Leiar og nestleiar har ansvar for å utvikle eininga som eit samla fagmiljø med kompetanse i høve til eksterne krav og interne målsettingar.

Avdelinga vil organiserast i team som vil vere sett saman på tvers av studiestad,. Dette vil sikre effektivitet og gi medarbeidarane eit fagleg samhald samstundes som det gjev muligheiter til spesialisering, kompetanseutvikling og kunnskapsdeling. Nærleik til brukar vil bli ivaretatt ved at teammedlemmene er lokalisert på forskjellige studiestadar samstundes som dei samarbeider tett mellom anna ved bruk av digitale løysningar. Slik kan ein bygge eit samla administrativt fagmiljø som kan tene fakulteta og studiestadane på en ressurseffektiv måte som gjev rom for auka fokus på utvikling. Teamorganisering vil også bidra til auka robustheit ved sjukdom, permisjonar og liknande. Kvart av teama i avdelinga vil ha ein koordinator/teamansvarleg som rapporterer til avdelingsleiar eller nestleiar og som saman med leiar og nestleiar utgjer avdelinga si leiargruppe. Det er eit mål at alle teama skal vera representert på kvar studiestad og at arbeidsdelinga internt i teama tek vare på

omsynet til kunnskapsdeling, effektiv ressursutnytting og redusert sårbarheit. Dei ulike teama skal ha ansvar for prosessane innanfor sitt fagområde og for å levere tenester og kompetanse i høve til HVL sine mål og behov. Det er viktig at leiar og nestleiar er tilgjengeleg for medarbeidarane og har kunnskap om deira arbeidsmiljø, for å sikre verdiskaping. Det er difor ynskjeleg at leiar og koordinatorar/teamansvarlege ikkje vert knytt til same studiestad, jamfør beslutningsnotatet om Forslag for prinsipp for leiarstruktur i administrative fellestenester.

3. Einingar og delfunksjonar

Fellestenesta for internasjonalisering vil ha to team med ansvar for to sentrale delfunksjonar innan internasjonaliseringsområde; Team for mobilitet og utvekslingsavtalar og Team for eksternfinansiering og nettverk med høvesvis 4 og 3 årsverk. I tillegg vil det bli etablert eit eige Team for strategisk fakultetsstøtte med 2 årsverk. I høve til studentmobilitet vil fakulteta få ei meir sentral rolle.

3.1 Team for mobilitet og utvekslingsavtalar

3.1.1. Mål- og utfordringsbilde

HVL må auke utreisande mobilitet frå under 10 % i dag til 20 % innan 2020 med særskilt vekt på auke av utveksling på høgare gradsnivå. Dette inneber ei auke frå 380 (2016) til 760 utreisande studentar over ein 2/3-årsperiode. Ein større del studentar må velje utvekslingsopphald gjennom Erasmus+. HVL må auke talet på framandspråklege utdanningstilbod og delen internasjonale studentar. Dersom HVL skal ha balanse i talet for innkomande og utreisande utvekslingsstudentar må talet innkomande auke med 70 % innan 2020.

Fordi dei har inngåande kjennskap til dei einskilde studieprogramma vil det vere eit føremon om studierettleiarane vert involvert i rettleiing og sakshandsaming i høve til utveksling og i fagleg førehandsgodkjenning av utvekslingsopphald i tillegg til å sakshandsame innpass av utvekslinga slik dei gjer i dag. n Deira kompetanse om emne, studieplan og gradsprogram er, saman med dei vitskaplege tilsette sine vurderingar, naudsynt for å kvalitetssikre godt fagleg utbytte av utvekslinga. Dette vil innebere ei styrking av arbeidet med studentmobilitet som må til for å oppnå auke i mobilitetstala. At desse oppgåvene blir knytt opp til studierettleiarane i fakulteta vil gjere at fellestenesta kan organisere seg slik at ein kan ta ansvar for større utviklingsoppgåver, til dømes gjennom digitalisering av tenester, og å ta på seg nye oppgåver.

3.1.2. Ansvar og oppgåver og ressursar

Fellestenesta skal ha operativt ansvar for alle oppgåver som er fakultetsovergripande og som det vil vera formålstenleg å utføre for institusjonen samla. Døme på dette er tilrettelegging for søknad og opptak til ut- og innveksling i Søknadsweb/ Nominasjonsweb, informasjon om utvekslingstilbod i utvekslingsdatabasen og på nettsidene og inngåing og fornying av utvekslingsavtalar. For å sikre felles praksis må fellestenesta også ha ansvar for utvikling av rutinar og digitale ressursar for dette feltet og eige prosessar som gjeld heile institusjonen. I tillegg skal teamet vere ein ressurs og rådgje fagmiljøa i tilrettelegging for og utvikling av utvekslingstilbodet og for internasjonalisering heime (I@H). HVL må ha ein Erasmus-koordinator på institusjonsnivå som har ansvar for å søke om, fordele og rapportere på Erasmus-midlar til student- og tilsettmobilitet for heile HVL. Dette krev god kjennskap til EU sine søknads- og rapporteringssystem og vil verte ein meir omfattande jobb for HVL enn den var for dei tidlegare høgskulane. Tilsettmobilitet er eit middel for internasjonalisering og fellestenesta må sikre at HVL får og nyttar eksisterande stipendordningar samt opprettar eigne ved

særskilte behov. HVL må ha gode rutinar for tildeling av stipend på tvers av fakulteta, samt strategisk bruk av tilgjengelege ordningar for å dra best mogleg nytte av tilgjengelege ressursar.

Fellestenesta: 4 årsverk	**Fakulteta: 2 – 3 årsverk**
Prosesseigar - Handsame søknad om delstudiar i utlandet - Handsame søknad om innveksling - Mottak av internasjonal student - Førehandsgodkjenning og innpass av delstudiar i utlandet - Forvalting av Erasmus-midlar inkl. global mobilitet	**Utførande** - Rettleiing i høve til utveksling - Handsame søknad om delstudiar i utlandet - Handsame søknad om innveksling - Mottak av internasjonal student - Førehandsgodkjenning og innpass av delstudiar i utlandet
Oppgåver - Tilsettmobilitet - Tilrettelegging for søknad i Søknadsweb/ Nominasjonsweb/ FS - Rettleiing internasjonale søkarar - Nettsider (norske, engelske inkl. utvekslingsdatabasen og Courses in English) - Inngåing/ fornying av utvekslingsavtaler - Rutinar/ reglement/ prosedyrar - Mottak av internasjonale studentar - Søknad og rapportering om Erasmus KA1-midlar til SIU (student- og tilsettmobilitet) - Forvalte Erasmus+ midlar til student- og tilsettmobilitet (intern utlysning og fordeling og stipendutbetalingar) - Søknad om midlar til Erasmus+ Global Mobilitet - Kontaktpunkt ovanfor SIU for utveksling - Koordinering av eksterne førespurnadar - Kontaktpunkt for Scholars at Risk (SAR) - Dedisert fakultetsstøtte for studentmobilitet - Rettleiing av fagmiljø/ studierettleiarar i høve til utveksling - Koordinering av utvekslingsnettverk - Profesjonalisere mottak av internasjonale gjestar/ delegasjonar - Digitalisering	**Oppgåver** - Rettleiing i høve til utveksling - Handsaming av søknadar om utveksling og innveksling - Fagleg førehandsgodkjenning og innpass av utvekslingstilbod - Dialog med partnarinstitusjon i samband med utveksling om Learning Agreements etc. - Kvalitetssikring av utvekslingstilbod - Utvikling av framandspråklege emne/ gradar - Mottak av internasjonale studentar på fakultet/ studieprogram
Spesifisert kva som er nye oppgåver[4] - Dedisert fakultetsstøtte for studentmobilitet - Rettleiing av fagmiljø/ studierettleiarar i høve til utveksling - Koordinering av utvekslingsnettverk	**Nye oppgåver** - Rettleiing i høve til utveksling - Handsame søknad om delstudiar i utlandet - Handsame søknad om innveksling - Mottak av internasjonal student

[4] Dette er nye oppgåver som følge av fusjonen eller på grunn av nye eksterne krav. Nokre av oppgåvene er nye for heile HVL, andre er nye for delar organisasjonen. På grunn av tidlegare skeivdeling i høve til ressursar/ kompetanse/ kapasitet er det behov for å auka ressursar for at alle studentar/ fagmiljø skal få tilgang til dei same administrative tenestene.

- Profesjonalisere mottak av internasjonale gjestar/ delegasjonar - Digitalisering	

3.1.3. Behov for tenester på studiestadsnivå

Det må være studierettleiingsressursar for delstudiar i utlandet og ressursar for mottak av internasjonal studentar (både innveksling og heilgrad) på kvar studiestad.

3.2. Team Eksterne midlar og nettverk

3.2.1. Mål- og utfordringsbilde

HVL si deltaking i internasjonale forskings- og utdanningsprosjekt samsvarar ikkje med vår posisjon og størrelse i nasjonal høgare utdanning. Verkemidla som er tilgjengeleg via SIU og NFR, samt EU-programordningar så som Erasmus+ og andre som t.d. Nordplus, vert i for liten grad nytta. Dette verkemiddelapparatet vert stadig utvida, med fleire program, og fellestenesta må syte for å ha oppdatert kompetanse på desse så vel som kapasitet til å informera og rådgje fagmiljøa. HVL må auke talet søknadar på eksternt utlyste prosjektmidlar, særskilt Erasmus+ KA2-prosjekt, og dette er berre mogleg ved at fleire fagmiljø får tilgang på administrativ støtte (både i form av rådgjeving og definerte ressursar) til utvikling av søknadar. HVL må i større grad bruke fagmiljøa sine eksisterande forskings- og utdanningsnettverk for å utvikle søknadar om eksterne midlar slik at ein svarar på den forventa koplinga mellom utdanning- og forsking i Erasmus+ og Horisont 2020 og påfølgjande EU program.

3.2.2. Ansvar og oppgåver

Fellestenesta (3 årsverk)
Prosesseigar - Søknad om eksterne prosjektmidlar for internasjonalt utdanningssamarbeid
Oppgåver - Støtte til utvikling av søknadar om midlar innan Erasmus+ KA2 (større samarbeidsprosjekt) - Informasjon om program/ finansieringsordningar og eksterne utlysingar - Programforvalting utanfor Europa (INTPART, UTFORSK, NORAM, NORPART osb.) - Søknad eksterne prosjekt (rådgiving/ rettleiing, skrivestøtte, oppfølging, stipendutbetalingar) - Avtale- og kontraktsinngåing knytt til eksternfinansierte prosjekt - Bidra til strategisk utvikling av kopling forsking/utdanning - Bidra til formidling av prosjekt/ resultat og profilering av HVL via nettsider/ informasjonsarbeid - Være kontaktpunkt for HVL si deltaking i institusjonsnettverk så som EUS, SANORD osb. - Koordinere/ delta i tverrgåande team for eksternfinansiering med forsking/ økonomi - Arrangere Erasmus Staff Mobility Week
Spesifisert kva som er nye oppgåver[5] - Bidra til formidling av prosjekt/ resultat og profilering av HVL via nettsider/ informasjonsarbeid Være kontaktpunkt for HVL si deltaking i institusjonsnettverk så som EUS, SANORD osb. - Koordinere/ delta i tverrgåande team for eksternfinansiering med forsking/ økonomi - Arrangere Erasmus Staff Mobility Week

[5] Ref. fotnote 4

3.3. Team: Strategisk fakultetsstøtte

3.3.1. Mål og utfordringar

I tillegg vil Team for Strategisk Fakultetsstøtte ha ansvar for å koordinere institusjonsovergripande utviklingsprosjekt innan til dømes Internasjonalisering heime (I@H), koordinere oppfølgingar i høve til Studiebarometeret, Etatsstyringsmøtet, Stortingsmeldingar osb. Teamet vil også ta initiativ til interne utgreiingar og analyser av internasjonaliseringsverksemda for fakultetsleiinga, styret og i andre relevante samanhengar. Medarbeidarane i teamet vil ha ansvar for kvart sitt/ sine fakultet og må arbeide tett saman med prodekan(ane) for internasjonalisering. I tillegg skal teamet koordinera eit samarbeidsorgan på tvers av fellestenesta og fakulteta (til dømes internasjonalt råd eller liknande) der prodekanar for internasjonalisering og andre sentrale funksjonar i internasjonaliseringsarbeidet ved HVL deltek. Internasjonaliseringsarbeidet må forankrast i studieprogramma og i fagmiljøa og det er der den forventa auka aktiviteten må skje. Samstundes må HVL ha ein heilskapleg strategi for korleis me som institusjon skal levera i høve til nasjonale krav og interne målsettingar, og bli rusta til å møte dei utfordringane som ligg til internasjonaliseringsarbeidet. Med bakgrunn i dette er det behov for å etablera eit eige team for strategisk fakultetsstøtte. Team for Strategisk Fakultetsstøtte skal jobbe tett på dekanane/ prodekanane/ instituttleiarane og ha ansvar for å koordinere institusjonsovergripande utviklingsprosjekt innan til dømes Internasjonalisering heime (I@H), koordinere oppfølgingar i høve til Studiebarometeret, Etatsstyringsmøtet, Stortingsmeldingar osb. Teamet vil også ta initiativ til interne utgreiingar og analyser av internasjonaliseringsverksemda for fakultetsleiinga, styret og i andre relevante samanhengar. Medarbeidarane i teamet vil ha ansvar for kvart sitt/ sine fakultet I tillegg skal teamet koordinera eit samarbeidsorgan på tvers av fellestenesta og fakulteta (til dømes internasjonalt råd eller liknande) der prodekanar for internasjonalisering og andre sentrale funksjonar i internasjonaliseringsarbeidet ved HVL deltek. Teamet skal også bidra til at HVL og fakulteta utviklar strategiske samarbeid med særskilt relevante partnarar innanfor satsingsområda (jfr. Styresak 11/17 om fagleg plattform og profil). Strategiske partnarskap må femne om heile den akademiske verksemda, både innanfor undervising, forsking og institusjonell utvikling og tilrettelegging og skal være eit viktig verktøy for å oppnå kvalitet i utdanning og forsking. Strategiske partnarskap skal styrke HVL sin overordna strategi og ambisjonen om å verte universitet.

3.3.2. Ansvar og oppgåver

Fellestenesta (2 årsverk)
Prosesseigar - Inngåing av internasjonale avtalar - Ta imot og gjennomføre partnarbesøk
Oppgåver - Analyse og utgreiing, internt/ eksternt motivert - Strategiar/ handlingsplanar/ meldingar til styret i høve til internasjonalisering - Strategiske partnarskap på fakultets/ institusjonsnivå mellom anna ved å ha eit overordna blikk på utvikling av HVL si avtaleportefølge i høve til interne strategiar og målsettingar, nasjonale føringar og ikkje minst fagleg fundament og styrke - Bidra til å identifisera aktuelle partnarskap og utvikla kontakt med relevante utdanningsinstitusjonar og nettverk, samt lokal industri med fokus på nyskaping, forsking og utvikling - Koordinere og organisere (deltaking i) delegasjonsbesøk for leiing og fagmiljø - Ansvar for utarbeiding av avtalemalar og rutinar/ retningslinjer i høve til inngåing av avtalar - Bidra til at HVL har fokus på internasjonalisering heime (I@H) på institusjonsnivå

- Strategisk arbeid med mobilitet - auke tala, særlig på master og Ph.D. - Strategisk arbeid med å få fleire internasjonale studentar
Spesifisert kva som er nye oppgåver[6] - Analyse og utgreiing, internt/ eksternt motivert - Strategiar/ handlingsplanar/ meldingar til styret i høve til internasjonalisering - Strategiske partnarskap på fakultets/ institusjonsnivå mellom anna ved å ha eit overordna blikk på utvikling av HVL si avtaleportefølge i høve til interne strategiar og målsettingar, nasjonale føringar og ikkje minst fagleg fundament og styrke - Bidra til å identifisera aktuelle partnarskap og utvikla kontakt med relevante utdanningsinstitusjonar og nettverk, samt lokal industri med fokus på nyskaping, forsking og utvikling - Koordinere og organisere (deltaking i) delegasjonsbesøk for leiing og fagmiljø - Ansvar for utarbeiding av avtalemalar og rutinar/ retningslinjer i høve til inngåing av avtalar - Bidra til at HVL har fokus på internasjonalisering heime (I@H) på institusjonsnivå - Strategisk arbeid med mobilitet - auke tala, særlig på master og Ph.D. - Strategisk arbeid med å få fleire internasjonale studentar

3.4. Samhandling mellom Avdeling for forsking og internasjonalisering og fakulteta og med andre fellestenester

Avdelinga må samla sett ha god kjennskap og tett samarbeid med fakulteta i høve til forskings- innovasjons- og internasjonaliseringsarbeidet. Samarbeidslinjene vil vere avhengig av område og typen aktivitet og vil være retta mot ulike nivå og funksjonar i fakulteta; støttefunksjon mot fakultetsadministrasjonen, fagmiljøa/ forskarar og mot fakultetsleiinga.

Figur 3: Samhandling innanfor internasjonaliseringsområdet mellom fellestenesta og fakulteta/ andre fellestenester



[6] Ref. fotnote 4

3.4.1 Studentmobilitet og utvekslingsavtalar

Ved å bli knytt til arbeidet med studentutveksling vil studierettleiarane bli eit viktig bindeledd mellom fellestenesta og studieprogramma. Det må etablerast faste møtepunkt på tvers av fellestenesta og fakulteta for å få til god informasjonsflyt, gjensidig involvering og arbeidsdeling og for å sikre lik praksis. *Team for mobilitet og utvekslingsavtalar* vil få ansvar for å koordinere eit studentutvekslingsnettverk på tvers av fakulteta og fellestenesta med fokus på tilrettelegging for og handsaming av søknadar om utveksling og innveksling og inngåing av utvekslingsavtalar. I tillegg til studierettleiarar kan nettverket inkludera representasjon frå FS og Opptak. Arbeidet i teamet vil organiserast slik at faste personar har eit særskilt ansvar for eitt fakultet og vil være kontaktperson for studierettleiarane (og andre). Samstundes vil medarbeidarane i teamet være fellestenesta sin(e) kontaktperson(ar) på den studiestanden vedkommande har sitt daglege arbeid. I ein overgangsfase vil fellestenesta ha ansvar for å lærer opp studierettleiarane i rutinar og prosedyrar knytt til studentutveksling.

3.4.2 Eksternfinansiering og nettverk

I høve eksternfinansierte prosjekt vil samarbeidslinjene mellom *Team for eksternfinansiering og nettverk* og fakulteta fyrst og fremst gå direkte til fagpersonar/ fagmiljø i samband med utvikling av konkrete søknadar. Medarbeidarane vil ha ekspertise på ulike finansieringsmekanismar/ program og måtte kunne yte støtte til fagmiljø på tvers av fakulteta og studiestadane. Eit/ fleire tverrgåande team for eksternfinansiering/ BOA-team (sjå figur 1) skal ivareta behov for samhandling og informasjonsflyt mellom einingane i fellestenesta som er viktige medspelarar for fagmiljøa i utvikling av prosjekter.

3.4.3 Strategisk fakultetsstøtte

Leiinga i fakulteta vil ha behov for støtte til utvikling av strategiar og handlingsplanar om dei skal nå nasjonale målsettingar for internasjonalisering. Eit eige rådgjevarteam i fellestenesta vil få ansvar for å utarbeide desse i samarbeid med institusjonsleiinga og fakultet. Medarbeidarane i teamet vil ha ansvar for kvart sitt/ sine fakultet og må arbeide tett saman med prodekan(ane). I tillegg skal teamet koordinera eit samarbeidsorgan på tvers av fellestenesta og fakulteta (til dømes internasjonalt råd eller liknande) der prodekanar for internasjonalisering og andre sentrale funksjonar i internasjonaliseringsarbeidet ved HVL deltek. Fellestenesta for internasjonalisering vil også ha grensesnitt mot andre fellestenester som må ivaretakast gjennom ulike former for samhandling. Eit tverrgåande team for eksternfinansiering (ein form for BOA-team) der både internasjonalisering, forsking, økonomi og samhandling/ kommunikasjon inngår vil ivareta behov for informasjons- og kompetansedeling og samarbeid i høve til arbeid med internasjonale prosjekt innan utdanning og forsking. Fellestenesta må også utvikle samarbeid/ samarbeidsarenaer med andre einingar som t.d. dei som har ansvar for rekruttering/ profilering/ marknadsføring

Del 2 Prosjektorganisering og prosess

1. Medlemmar i prosjektgruppa

Prosjektgruppa har bestått av:

Gro Anita Fonnes Flaten, prorektor for FOUI (leiar)

Elin Kvaale, kontorsjef, internasjonalt kontor Bergen (stedfortredar for leiar)

Torunn Stornes Kittelsen, leiar, internasjonalt kontor Stord/Haugesund

Heidi Skramstad, seniorrådgjevar, FOU Bergen

Marjolein M. Iversen, professor, Institutt for sjukepleie, Bergen

Kristin R. C. Hinna, tillitsvald – vara Alvhild Bjørkum

Sekretær: Turid Hillestad Nel, internasjonal koordinator Sogndal/Førde

2. Arbeidsprosess

Prosjektgruppa har gjennomført fem møter via Skype i perioden 17.10.17 til 16.11.17. I fyrste møte vart mandatet til gruppa drøfta, mal for funksjonsplan vart gjennomgått, og det vart sett agenda for påfølgande møter og vidare framdrift. Elin Kvaale, Torunn Stornes Kittelsen og Turid Hillestad Nel vart oppnemnt som arbeidsgruppe med ansvar for å levere utkast av funksjonsplan til prosjektgruppa før kvart møte. Arbeidsgruppa har helde separate møter via Skype i samband med dette.

I tillegg til arbeidet i prosjektgruppa har to faglege kontaktpersonar i kvar nærregion blitt bedt om å kome med innspel til mål- og utfordringbilde for funksjonsområdet, kva tenester, kompetanse og kvalitet dei forventar av ei fellesteneste og korleis ei slik teneste kan organiserast.

Det vart den 20.10.17 arrangert ein administrasjonsverkstad der tilsette med arbeidsområde internasjonalisering i fellestenestene ved dei fem studiestadane deltok. Her vart funksjonsområder innafor internasjonalisering definert og kva prosessar som høyrer innunder kvart område. Tilsette fekk høve til å bidra inn i prosessen og kome med innspel på målbilete og utfordringsbilde for internasjonalt utdanningssamarbeid. Det vart også drøfta korleis ein best mogleg kan organisera arbeidet i HVL.

Prosjektgruppa hadde behov for ei avklaring av grensesnittet mellom internasjonalt forskingssamarbeid og internasjonalt utdanningssamarbeid, og i kva grad prosjektgruppa for FOUI ville inkludere internasjonalisering i sitt arbeid. Dette vart avklara av Gro Anita Fonnes Flaten i møte med sine stedfortredarar for dei to gruppene, Elin Kvaale og Eirin Fausa Pettersen. Det vart då klarlagt at det er formålstenleg at skildringa av funksjonsområdet internasjonalt forskings- og utdanningssamarbeid vert delt mellom prosjektgruppa for FOUI og vår prosjektgruppe. Prosjektgruppa for FOUI tek ansvar for den delen som omhandlar internasjonalt forskingssamarbeid medan vår gruppe tek ansvar for det øvrige internasjonaliseringsarbeidet men med fokus på å styrka koplinga mellom utdanning og forsking.